



Hildur Willanger,
Huldrevn. 36,
3042 DRAMMEN

INSTALLASJON AV VASSKLOSETT I HYTTE PÅ GNR. 29, BNR. 28 AV VÅGENES.

I samband med at hytteeigedomen skal tilknyttast kommunal vassverk og installera vassklosett, ligg det føre søknad om løyve til å føra kloakkavlaupet til oppsamlingstank. Dette gjeld då både gråvatn frå kjøkken og bad og avlaupet frå vassklosettet.

Grunna tomten sin fasong og lokalisering, er det vanskeleg å få plassert ei kunstig sandfiltergrøft. Det er både langt og vil verta svært kostsamt å føra eit avlaup i leidning til djup sjø. Alternativet vert då oppsamlingstank.


I MEDHALD AV DELEGASJONSREGLEMENT FOR HOVUDUTVAL FOR
TEKNISK SEKTOR OG ADMINISTRASJONEN (VEDTEKE I RADØY
KOMMUNESTYRE I MØTE 26. MAI 1988 - SAK 93/88),
GODKJENNER TEKNISK SJEF:

Teknisk sjef ser på oppsamlingstank som ei lite god løysing. Dette har si årsak i at det vil verta svært kostsamt med ein eller fleire tømingar av tanken kvart år. I dette høvet skal også gråvatn frå kjøkken og bad gå til oppsamlingstanken og teknisk sjef meiner at tanken må dimmensjonerast ekstra stor.

Teknisk sjef kan på vilkår godkjenna at kloakk frå omsøkte hytte vert førd til oppsamlingstank:

1. Oppsamlingstanken bør dimmensjonerast ekstra stor og teknisk sjef vil rå til eit volum på 6.000 ltr. - min. 4.000 ltr. Oppsamlingstanken må få ei slik plassering at der vert høve med tilkomst for tankbil ved tøming av tanken.
2. Hytteeigaren må sjølv syta for og bera kostnaden med tøming av tanken. Så lenge eigedomen har oppsamlingstank vert ikkje eigedomen medteken i kommunen sitt slamtømingssopplegg. Det vert spesielt gjort merksam på at dette berre er NGIR (Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap) som har løyve til å tømme slamtankar i Radøy og tøminga må såleis berre utførast av dei.

MANGER, den 08.10.96.


T. Pedersen
tekn.sjef

Adresse:	Telefon:	Telefax:	Bankgiro:	Postgiro:
5120 Manger	56 37 32 45	56 37 30 36	3636.07.00776	0806 5787106